



Bøllete dyr og andre dyr

Skildre ei bøllete ku.

Skildre ei bøllete padde.

Forklar kvifor midden eigentleg spring raskare enn geparden.

Svar på spørsmåla

Kor fort spring ein gepard?

Kvifor er det fint å finne meitemakk i blomsterbedet?

Kor stor kan ein australsk meitemakk bli?

Reknar elefanten pluss eller minus?

Kva gjer kortnebbkråka for å knekkje nøtter?

Kva for dyr ser du på side 12 og 13?

Kva for dyr ser du på side 14 og 15?

Kvifor søv planteetande dyr lite?

Kor lenge kan løver og tigrar sove?

Kva for andre rovdyr veit du om?

Kor lenge søv flaggermusa?

Korleis lærer ein papegøye å snakke?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Cupfinalen

Skildre biletet på framsida av boka.

Skildre biletet på side 12 og 13.

Svar på spørsmåla

Kvar blir cupfinalen spela?

Kvifor kan ein sjå nokre spesielle fargar i Oslo når det er cupfinale?

Kva for farge har Ålesund-draktene?

Kva for farge har Vålerenga-draktene?

Kor mange lag spelar i kvartfinalen?

Kor mange lag spelar i semifinalen?

Kvifor er nokre av bileta i boka i svart-kvitt, trur du?

Kor mange er det plass til på tribunen på Ullevaal Stadion?

Kvifor verka det nesten umogleg at Per Egil Ahlsen kunne få mål i cupfinalen i 1984?

På side 15 er det bilete av kongen. Kva for konge er det?

Kva for oppgåve har kongen på cupfinalen?

Når cupfinalen er slutt, korleis har taparlaget det?

Kvifor trur du cupfinalen blir kalla ein folkefest?

Kven har skrive boka?

Dette synest eg om boka:





Gatebil

Skildre biletet på side 2 og 3.

Skildre biletet på side 14 og 15.

Svar på spørsmåla

Sjå på teksten på framsida av boka. Kven er Steffen?

Kva slags festival er Gatebil?

Kvifor dreg Steffen og pappa på Gatebil?

Kvifor er det lurt å bruke hørselsvern på Gatebil?

Kva er spesielt med bilane som er på utstilling?

Kva tyder det at bilen sladdar?

Kva gjer racerbilane før dei begynner å køyre?

Kva skjer med racerbilen viss han punkterer?

Kva for anna ord har vi for depot?

Kvifor må dei ofte jobbe veldig raskt på depotet?

Kvifor er det alltid ambulanse i nærleiken på billøp?

Kva for bil i boka syntest du var tøffast?

Kven har skrive boka?

Kvifor er det bilete og ikkje teikningar i boka, trur du?

Dette synest eg om boka:





Kvar er Eline?

Skildre Eline.

Skildre mammaen til Eline.

Svar på spørsmåla

Kvifor heiter boka *Kvar er Eline*, trur du?

Kvifor blir mamma overraska når ho kjem heim?

Kvifor ser mamma på klokka?

I kva for rom leitar mamma?

Kvifor begynner mamma å bli uroa?

Kva har Eline skrive på lappen?

Kva tenkjer mamma når ho les lappen?

Kva tenkjer mamma på medan ho lagar middag?

Kva for grønsaker har mamma teke fram?

Kva fortel mor til Linnea til mor til Eline?

Kvifor blir mamma uroa igjen?

Kva var det egentleg som hadde skjedd?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Kalle og Bulle på tøff biltur

Skildre Kalle.

Skildre Bulle.

Skildre Rasken.

Svar på spørsmåla

Kven eigde Rasken før?

Kva har Kalle alltid ønskt seg?

Kva har Kalle og Bulle med seg i bilen?

Kvifor stansar dei ved ei blomstereng?

Kvifor set ikkje Kalle opp teltet?

Kva for dyr nærmar seg bilen?

Kvifor dreg Kalle og Bulle heim igjen?

Kvifor møter dei ingen bilar på heimvegen?

Kva for flagg ser du på siste sida?

Kvifor er det flagget der?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Martins flytur

Skildre korleis Martin er når han har på seg raud kappe.

Skildre pappaen til Martin.

Svar på spørsmåla

Kvifor må Martin ofte kvile seg, trur du?

Kva skjer med det raude teppet?

Kvifor går pappa ut?

Kvifor kan Martin sjå kva pappa gjer ute?

Kva er det Martin og jenta som hoppar på ski, har felles?

Kven trur ungane at dei ser på himmelen?

Kvifor flyg Martin heim igjen?

Kvifor tenkjer Martin på julenissen?

Kvifor opnar pappa vindauga?

Kvifor ler Martin på siste sida?

Kva trur du Martin kjem til å drøyme i natt?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Onkel Bjørn

Skildre Oliver.

Skildre den verkelege onkel Bjørn.

Svar på spørsmåla

Kvifor spring Oliver heim frå skulen?

Kvifor trur Oliver at gjesten på trappa snakkar engelsk?

Kva språk trur *du* han snakkar?

Kvifor forstår ikkje Oliver kva han seier?

Kva er det Oliver hjelper gjesten sin med?

Kvifor gjer han det?

Kvifor tenkjer Oliver at dei et rar mat i Amerika?

Skildre korleis gjesten til Oliver oppfører seg ved bordet.

Kvifor håpar Oliver at mamma handlar mat på heimvegen?

Kvifor ristar sofaen?

Kvifor blir Oliver forskrekka når mamma kjem heim?

Kva trur du mamma tenkjer når ho kjem inn i stova?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Rektor Knirk

Skildre Frida.

Skildre rektor Knirk.

Svar på spørsmåla

Kvifor heiter boka *Rektor Knirk*, trur du?

Kvifor går ikkje elevane i 1. klasse på fellesdoen?

Kvifor synest pappa at ein streng rektor ville vore bra?

Sjå på teikninga nedst på side 7. Kva ser du?

Kvifor seier ikkje Frida frå til læraren om at ho må på do?

Kvifor går ikkje Frida på fellesdoen?

Kva heng på veggjen på veg til do?

Kvifor er det vanskeleg for Frida å sjå bileta?

Kva skjer med biletet av rektor Knirk?

Kvifor gøymer Frida seg på side 13?

Kven kjem springande?

Kven står på stigen, og kva gjer han?

Kva var det eigentleg Frida hadde sett?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Sanna og draken

Skildre Sanna.

Skildre draken.

Svar på spørsmåla

Korleis forstår Sanna at firfisla egentleg er ein drake?

Kvifor må Sanna gå frå draken?

Kvifor listar Sanna seg ut i hagen om kvelden?

Kva har skjedd med draken i løpet av dagen?

Kva gjer draken når han er glad?

Kvifor synest Sanna at draken bør finne seg eit fjell å bu i?

Kva er grunnen til at draken får bli med Sanna inn?

Kvifor må draken gøyme seg under senga?

Kvifor er det bra at Sanna har eit vassglas ved senga?

Kvifor gøymer Sanna draken i gymsalen og ikkje i eit anna rom på skulen?

Kven blir redd, ungane eller draken?

Sjå på side 16. Kva trur du Sanna og draken tenkjer?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Vekemål

Skildre Raman.

Fortel kva som skjer med Raman.

Svar på spørsmåla

Kva for fag har Raman denne timen?

Korleis har han det?

Kva er favorittmaten til Raman?

Korleis hamnar Raman inni ein UFO?

Korleis ser det ut inni UFO-en?

Skildre korleis P.I.Z.Z.A. ser ut.

Kva tyder å kåre?

Kvifor reiser dei til månen?

Kva for former er det på pizzaene?

Skriv tre ting som er sirkelforma.

Kva for pizza trur du er best?

Kva heiter pizzaen som Raman lagar?

Kvifor ser Raman så glad ut?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Alarmen går

Skildre garderoben til klassen til Adam.

Skildre Adam.

Svar på spørsmåla

Kvifor står ungane i kø i garderoben?

Kvifor har ikkje Adam på seg innesko?

Kva snakkar dei om i samlingsstunda?

Kvifor høyrer ikkje Adam etter?

Kva tenkjer Adam at han har lyst til å gjere ute?

Kva skal elevane gjere når brannalarmen går?

Kvifor begynner Adam å leite etter inneskoa sine?

Kva ropar læraren?

Korleis har Alina det?

Kvifor leier Adam og Alina kvarandre?

Kva får Alina til å stoppe å gråte?

Kva synest du om svaret Adam gav til læraren?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Jonnas dagbok 1

Skildre mammaen til Jonna.

Skildre veslesystera til Jonna.

Svar på spørsmåla

Kva er det eigentlege namnet til Jonna?

Kva heiter kameraten hans?

Kva tyder finnarlønn?

Kva tyder teikninga øvst på side 5?

Korleis fekk Jonna tak i 100 kroner?

Kvifor skulle Turid skulle passe på pengane?

Kvar la Turid pengane?

Kven såg kvar ho la pengane?

Kvifor var det ingen rektor utanfor klasserommet?

Kvar gøymde Elias pengane?

Kvifor syntest Jonna skuledagen gjekk treigt?

Kvifor synest Turid at Jonna er snill?

Kvifor fekk ikkje Elias finnarlønn?

Forklar kvifor Jonna ser lite glad ut på side 14 og side 19.

Kvifor ser Jonna glad ut på side 24?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Jonnas dagbok 2

Skildre pappaen til Jonna.

Skildre Elias.

Svar på spørsmåla

Når er det mamma kallar Jon Anders for Jonna?

Kvifor er det nyttig at Elias er høg?

Kvifor måtte Jonna gjere matteleksa for Elias?

Er det juks eller ei god gjerning, synest du?

Har Jonna rette svar på matteoppgåvene?

Kor ofte meiner Turid dei skal gjere ei god gjerning?

Kor ofte vil Elias gjere ei god gjerning?

Kva har Jonna i verktøykassen?

Kvifor skal gutane ha auge og øyre opne når dei går til Ebba?

Kva skjer når Elias gjer det første forsøket på å gjere ei god gjerning?

Kva gjer Elias for å få uflaks til å bli ei god gjerning?

Kva seier Elias når Ebba opnar døra?

Kva tenkjer Jonna mest på når dei kjem inn til Ebba?

Kvifor kikkar Ebba lurt på gutane?

Kvifor gav ikkje kanelbollane krefter til å gjere fleire gode gjerningar?

Kva vil det seie at Elias åt opp beviset?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Det store julespelet

Skildre Hanne.

Skildre Thea.

Svar på spørsmåla

Kva for dato er to veker etter 1. desember?

Kva skal klassen til Hanne gjere om to veker?

Kvifor håpar Hanne at mamma er heime?

Kva skal Hanne gjere på scena?

Kvifor sit Thea musestille når Hanne øver?

Kva er det Thea lærer seg?

Kva har mamma sydd og funne fram?

Kva skjer med Hanne nokre dagar før framsyninga?

Kva heiter læraren til Hanne?

Korleis går det på generalprøva?

Kvifor er det fint at Thea sit på første rad?

Kvifor gir Hanne kakestykket sitt til Thea?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





L.K.U.F.

Skildre Peder.

Skildre Jesper.

Svar på spørsmåla

Kvifor spring dei fleste gutane etter Jesper når det ringjer ut?

Kvifor somlar Peder i garderoben?

Kva pleidde alle gutane å leike i friminutta før?

Kvifor vil Peder lage ein klubb?

Kva skal klubben heite?

Sjå på side 6. Kva er det Peder tenkjer han må ordne til klubben?

Sjå på side 9. Kvifor er Peder så glad?

Kva står det i notatboka?

Kva finn Jesper på?

Kva føreslår læraren at gutane skal gjere for at alle skal trivast?

Kvifor blir det stille når Peder seier at han ikkje likar fotball?

Korleis sluttar forteljinga?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Målvakta

Skildre kva du ser på side 6.

Skildre kva du ser på side 11.

Svar på spørsmåla

Når blir ei målvakt helt, og når blir ho syndebukk?

Kvifor er målvakta på side 5 så stolt?

Korleis kan målvakta stoppe ballen med hendene før han når mål?

Kvifor blir ei god målvakt samanlikna med Supermann, trur du?

Korleis kjennest det for ei målvakt å sleppe inn mål?

Korleis veit ei målvakt når dei andre klagar over han?

Kvifor er det lettare å sjå når målvakta gjer feil enn når dei andre på bana gjer feil?

Kvifor hender det at ingen har lyst til å vere målvakt?

Kvifor er målvakta ein tøffing?

Kvifor må målvakta vere konsentrert heile tida?

Kvifor trivst målvakta når det blir straffespark?

Kvifor er det straffeskyttaren som bør vere mest redd når dommaren blæs straffe?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Mellomistid

Skildre korleis ein mammut såg ut.

Teikn eit hølemåleri av ein mammut.

Fortel kva du får vite om Ljuba.

Svar på spørsmåla

For kor lenge sidan var det mellomistid?

Kva for hemmelegheiter var under isen?

Kva for dyr budde i vår del av verda på slutten av førre istid?

Kva brukte mammuten støyttennene til?

Korleis veit vi at menneska jakta på mammut?

Kva likte mammuten å ete?

Kvifor døydde mammuten ut?

Kva tyder tundra?

Kva tyder kadaver?

Kvifor finst det moskus i Gudbrandsdalen i dag?

Kva var ein neandertalar?

Kva for dyr ser du bilete av i denne boka?

Kva vil det seie at vi lever i ei mellomistid?

Kven har skrive boka?

Dette synest eg om boka:





Regnbogen

Skildre biletet på side 2 og 3.

Skildre kva du tenkjer på når du ser såpebobla på side 24.

Svar på spørsmåla

Kvifor har ein leprechaun ei heil gryte med gull?

Kva kan skje dersom du fangar ein leprechaun?

Kva kan du gjere viss du finn ein firkløver?

Korleis synest du regnbogeslangen ser ut?

Kvifor vart det så mange spor etter regnbogeslangen?

Kva skjedde då regnbogeslangen kitla froskane?

Kven budde i Midgard og Åsgard?

Kvifor var det umogleg å kome seg frå Midgard til Åsgard?

Kva gjorde Heimdall til ein superhelt og ei super vakt?

Korleis klarte Iris å fylle opp skyene med vatn?

Kva har Iris med auga dine å gjere?

Kva skjer når sollyset skin gjennom regndropar?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Tord og Tale får hjelp

Skildre kva du ser på side 16 og 17.

Skildre Ghayas.

Svar på spørsmåla

Kva har Tord og Tale gjort i ferien?

Kva er det dei ikkje har fortalt tante Beate?

Kvifor reiser dei heim akkurat denne dagen?

Kva gjer Tord og Tale medan dei ventar på bussen?

Kvifor blir tante Beate uroleg?

Kven viser tenkjeboblene på side 7?

Kvifor kjem ikkje bussen?

Kor lang tid vil det ta for Ghayas å køyre dei til toget?

Kvifor blir tante Beate med i bilen, trur du?

Kva hugsar Tord og Tale spesielt godt frå ferien?

Kva ønskjer Ghayas seg i staden for pengar for turen?

Kva kan vi lære av denne forteljinga?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:





Tord og Tale tar toget

Skildre kva du ser på side 4 og 5.

Skildre Tord og Tale.

Svar på spørsmåla

Kvifor reiser Tord, Tale og Georg med toget?

Sjå på side 7. Kven står i midtgangen i toget? Kva gjer ho?

Korleis blir Tord og Tale kjende med Georg?

Kor gammal kan kortstokken til Georg omtrent vere?

Kvifor har Georg nesten ikkje tid til å vise billetten sin?

Kva rekk ungane så vidt å gjere før Georg spring av toget?

Kvifor er det sikkert viktig for Georg å få tilbake kortstokken?

Kvifor kan ikkje Tord og Tale sende han kortstokken i posten?

Sjå på side 15. Korleis ser konduktøren ut? Kva tenkjer ho, trur du?

Kvifor er Georg skrive med stor skrift på side 16?

Korleis må Tord og Tale kaste kortstokken til Georg?

Kva meiner Tale med at «No var det vår tur til å hjelpe»?

Kven har skrive boka?

Kven har laga teikningane?

Dette synest eg om boka:

